



Saksnr	Utval	Møtedato
011/11	Formannskapet	25.01.2011

Sakshandsamar: Arvid Randen

Arkiv: K2-S00

Arkivsaksnr. 11/67 - 3

### Høyringsuttale - ny lov om innføring av elsertifikater

#### Kort samandrag

Regjeringa har forhandla fram ein avtale med Sverige om å etablere ein felles ordning for elsertifikater. Ordninga vert eit viktig virkemiddel for å få bygt ut meir fornybar kraft fram mot 2020. Det har vore arbeidd med ei ordning for grøne sertifikat over mange år. Ordninga er viktig for Lærdal sin del, og vil vere eit viktig virkemiddel for å realisere potensiale som kommunedelplanen for småkraft har avdekka.

Med bakgrunn i tidlegare saksbehandling i Stortinget, har småkraftnæringa hatt forventningar til at ordninga skulle ha tilbakeverkande kraft for alle kraftverk bygt etter 1.jan 2004. Innstillinga frå regjeringa set ei grense for deltaking med tilbakeverkande kraft for kraftverk med maks installert effekt på 1 MW. Både kraftverka og kraftkommunane vil tape på denne avgrensinga i ordninga. Lærdal Kommune meiner at ordninga må gjelde for alle kraftverk bygt etter 1. jan 2004.

#### Rådmannen si tilråding:

Høyringsuttalen vert vedteken slik den ligg føre.

#### 25.01.2011 FORMANNSKAPET

#### FS-011/11 VEDTAK:

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedteken.

#### Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
20.01.2011	Tilbakeverkande kraft for Elsertifikat - Historikk	45572
20.01.2011	Høyringsuttale lov om elsertifikater	45571

## **Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.**

### **Saksutgreiing**

Arbeidet med etablering av grøne sertifikat har bakgrunn i politiske mål om å auke produksjonen av elektrisk kraft. Etter fleire års tingingar, kunngjorde regjeringa den 8. des 2010 at ein hadde oppnådd semje med den svenske regjeringa om ein felles marknad for elsertifikater. Framlegg til lov om elsertifikater vart lagt ut på høyring og har høyringsfrist til 1. februar.

Produsentar av fornybar elektrisk energi vil få elsertifikater etter kor mykje kraft dei produserar. Leverandørar av elektrisk energi vert samstundes pålagt å kjøpe elsertifikater tilsvarande ein del

av selskapets kraftleveransar. Kostnadane for dette vil verte fordelt på nærare definerte sluttbrukarar av elektrisk energi.

Produsentane av fornybar elektrisk energi vil få ei inntekt frå sal av elsertifikater i tillegg til inntekta frå sal av den elektriske energien. Ekstrainntekta frå salet av elsertifikater skal gjere det meir lønsamt for utbyggerane å bygge nye anlegg for fornybar produksjon av elektrisk energi. I Lærdal Kommune er det som kjent på ei rekkje utbyggingsprosjekt innan småkraft på gang, også prosjekt der kommunen vert medeigar. Lærdal Kommune meiner at ordninga med elsertifikater er eit godt verkemiddel for å få til auka produksjon av elektrisk kraft basert på fornybare ressursar.


Framlegget legg opp til at alle anlegg som vert bygt etter 7. sept 2009 skal kunne ta del i ordninga, og at lova skal ha tilbakeverknad for anlegg med installert effekt på under 1 MW (mikro og minikraftverk) frå 1. jan 2004. Frå småkraftnæringa vert det hevda at det gjennom tidlegare handsamingar av denne saka, har vore lova at nye alle kraftverk bygt etter 1. jan 2004, skulle inngå i ordninga. For Lærdal sin del vil framlegg til lov medføre at Vindedal Kraft AS, som vart bygt i 2005 og sett i drift i 2006, ikkje vil inngå i ordninga. Lærdal Kommune meiner det er viktig å handsame alle kraftprodusentar likt og vil rå til at ordninga med elsertifikater får verknad for alle anlegg som er bygt etter 1. jan 2004, slik det går fram av uttalen vår, som er grunnlag for saka.

### **Økonomiske konsekvensar**

Ordninga med elsertifikater vil betre det økonomiske grunnlaget for utbygging av småkraft. Dette er viktig for næringsutviklinga i distriktskommunar med potensiale for småkraftutbygging, slik kommunedelplanen for små kraftverk i vår kommune viser.

### **Vurdering**

I Lærdal er det eit stort potensiale for utbygging av småkraft og innføringa av ei ordning med elsertifikater, vil vere eit godt og viktig verkemiddel for å utløyse potensiale vårt. Innføringa av ordninga vil betre skattegrunnlaget og gje kommunen høgre inntekter. Ut frå eit prinsipp om likskap, bør ordninga gjelde alle kraftverk bygt etter 1. jan 2004.

 LÆRDAL KOMMUNE	
20 JAN 2011	
Ark. nr.	JOURNALNR.
11/67	2

## **HØYRINGSUTTALE LOV OM ELSERTIFIKATER**

Regjeringa si satsing på fornybar energi er god og nødvendig. Lærdal Kommune er av kommunane i landet som har størst potensiale for utbygging av småkraft og gjennom ein eigen kommunedelplan for små kraftverk har kommunen avdekket dette potensialet og ulike problemstillingar knytt til utbygging. Gjennom innføring av lov om elsertifikater, vil ein styrke det økonomiske grunnlaget for utbygging av fornybar elektrisk energi og Lærdal Kommune ser derfor positivt på innføringa av ordninga. Vi meiner at grønne sertifikater er eit godt og viktig virkemiddel for å nå dei store måla om ny fornybar energiproduksjon.

Ut frå dei forventningane som har vore skapt i det årelange arbeide med grønne sertifikat innafor området fornybar energiproduksjon, den breie politiske oppslutnaden om tiltaket og omsynet til å behandle alle kraftprodusentar likt, meiner Lærdal Kommune at ordninga må gjelde for alle kraftverk, uansett storleik på installert effekt, bygt etter 1.jan 2004.

I vår kommune vil Vindedal Kraftverk, bygt i 2005 og sett i drift i 2006 med ein installert effekt på 4 MW og berekna produksjon på 15 GWh, vil etter høyringsframlegget falle utanfor lova sitt virkeområde.

Lærdal 20.jan 2011

Lærdal Kommune

Arne Sanden, ordfører